

## Aktivitetsplan 2017/2018

Dato	Arrangement	Komite
Søn 12. nov	Allehelgens-gudsteneste	Noteutvalet
Lau 18. nov	Syng med oss (Viltkoret)	Styret
Søn 17. des	Julekonsert	Styret (Kyrkja er bestilt)
Fre 29. des	Juletreffest Gravdal	Gravdalgruppa,
<b>2018</b>		
Fre 5. – søn 7. jan	Øvingshelg	Styret
Lau 13. jan	Nyttårskonsert 2018	<b>Lina</b> , Sølvi, Linda, Ola V, Petter, Noteutval.
Lau 13. jan	Medlemsfest	<b>Reidunn</b> , Anne Mari, Inge, Jonathan.
27. Okt	Nordvestmeisterskap	Styret /komite

*Første namn i komiteen er samankallar og må starte planlegginga*

### Det blir nyttårskonsert andre laurdagen i 2018

Andre laurdagen på nyåret, laurdag 13. januar 2018, klokka 17.00 bør du legge turen til Samfunnshallen Tennebø. Då blir det igjen nyttårskonsert med Torskangerpoll Musikklag. Det blir eit variert program med mykje kjend musikk. Vi held fram konseptet frå siste åra med fleire solistar, spesielt på sang. Isak Søråa og Håkon Kongshaug blir med. Frå eigne rekker får vi høyre mellom andre Laila K. Bergh, Terje Våge og Lina Wåge. Du kan sikre deg billett gjennom Nordfjordhallen si nettside og deira system eBillett. *(Arkivfoto)*



### No er det mykje som skjer framover

Det er mykje som skjer med Torskangerpoll Musikklag framover. Søndag 12. november spelte vi på Allehelgensgudsteneste i kyrkja i Måløy. Laurdag 18. november skal vivere gjesteinnslag på Viltkoret sin songkafe i Samfunnshallen. Søndag 3. desember er det julegrantening i Vågsåg. Søndag 17. desember er det den tradisjonelle julekonserten i kyrkja i Måløy. I år er det Torskangerpoll Musikklag som er teknisk arrangør. I romjula, fredag 29. desember blir det juletreffest på gamle-måten i Gravdal skule. Det er Gravdalgruppa som arrangerer. Etter det er det er det fullt fokus på nyttårskonserten med øving første heelga i 2018 og konsert andre helga. - Her er det mykje å gle seg til, seier leiar Johan Wåge.



# Vredens Gnag

Alltid stemning



Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

№r. 10

24. årgang

November 2017

## Heldt ein forykende konsert



Frå Sinatra til Elvis-konserten under Heim i Haust fredag 20. oktober vart ein stor suksess. Solist Isak Søråa og Torskangerpoll Musikklag serverte ein forykende konsert, sa fleire av dei begeistra i salen. Korpset fekk enorm med skryt frå ein nesten fullsett sal. Flott program, god lyd, flott lys, gode musikantar og flink konferansier gjorde dette til ein stemningsfull kveld. Arrangøren var valdig godt fornøgde, og har invitert korpset tilbake neste haust.



[www.torskangerpoll.no](http://www.torskangerpoll.no)

## Tilbakeblikk 10 år, året 2007

**Laur. 6. jan** nyttårskonsert i samfunnshallen. Knallsuksess med 250 betalende og ståande trampeklapp. TPM spelte: Halleluja, Death or Glory, Himmel på jord med sangsolist Tiffany Huston, The rocky road to Dublin, Me and my shadow, Gammel jegermarsj, Bruremarsj, Fresh, It don't mean a thing, Suril, Suril, Månemannen med solist Aleksander Pavelich og Storbystev. Årsfest i kafeteriaen etter konserten med mykje fin underholdning både av damene, herrane og Wåge's.

**Laur. 15. jan** vaskedugnad på Fjordenes Tidende. **Laur. 17. og søn. 18. feb.** øvingshelg med Idar Torskangerpoll der vi prøvde Stormovertyre og nytt NM

stykke. **31. mar og 1. apr.**

øvingshelg med Idar der drømkonsertm usikker var tema. Laurdag kveld kjekk fest for alle med grilling og leikar i garasja til Alice og Erling. **12. mai og 2. juli** dugnad i Gravdal både ute og inne med deilige sveler



i pausane. **17. mai** nasjonaldagfeiring med morgenprosjesjon på lastebil kl 07.30 frå Oppedal til Vågsvåg og nydeleg frukost på grendahuset i Vågsvåg. Sjåfør Arvid Johansen. Nydeleg veir med føremiddagstog i Vågsvåg og ettermiddagstog i Holvik. **Laur. 19. mai** 80-årsdagfeiring for Audun Færestrand i grendahuset i Vågsvåg. Korpset spelte og sang og Johan holdt tale.

**8. til 10. jun.** blåtur/ øvingshelg til Førde der vi overnatta i hytter på Førde Camping og øvde på Slåtten skule. Eirik Gjerdevik var instruktør og det blei øvd mest på «Kaleidoscope» for NM 2008, men og på drømkonsertstykk. Kl 16.00 var det duka for fri leik og grilling m/pastasalat. Søndag ettermiddag var det konsert i Førde i knallvarme med: Bergknausenj, Suril Suril, Månemannen, It dont mean a thing, Death or Glory og Fagert er landet. Roar Ståle kørte bussen. Styret var komite. **Laur. 8. sep.** drømkonserten «Ut mot havet» i Torskangerpoll med støtte frå Norsk

Tipping og NMF. Kulturoperatørene v/ Øyvind Storheim var hjelpearrangør. Heile veka i førevegen gjekk med til å få på plass utstyr og øvingar for konserten. Både lyd, lys og ankring av lekteren skulle vise seg å bli utfordringar i veiret som blei med både vind og regn. Konserten gjekk føre seg i skumringstimen og blei spektakulær både for deltakarar og publikum. Over 400 publikumarar var framfotte. Oddgeir Bruaseth framførte spesiallaga tekst av Rolf Losnegård og Torskangerpoll musikkilag ilag med Langhus Brass framførte musikken av Idar Torskangerpoll, som Idar dirigerte. Solistar var Eirik Gjerdevik og Anette Marie Lund Torskangerpoll. Kystkulturlaget på Raudeberg låg med sine båtar som

kulissar framfor lekteren under forestillinga. Etterpå var det velfortent fest på Vikabu. Eit stort arrangement. Drømkonserten bestod av Stormovertyre, Fiskerkonensom kvelden, Fagert er landet, Arbeid, Fest,

Uvær, So ro Godt Barn, Havsnød, Bergknausen, avslutting med Stormovertyrekortversjon. Per Jakob Svenkerud frå Norsk Tipping sa at konserten var verdtt kvar ei krone. **Søn. 28. okt.** basar i Vågsvåg med Holvik skulekorps som gjester og mykje folk. **Laur. 6. okt.** Måløyspeling med marsjering i anledning 100 årsjubileum til handelsforeininga. Mykje skryt.

**Laur. 20. okt.** tunnelopning på Raudeberg med oppmarsj og minikonsert. **16. til 18. nov.** øvingshelg med Eirik Gjerdevik og Kaleideoscope på Holvik skule. Fest med grillpølser og «Åheimssangen» i garasja til Alice og Erling. **Søn. 2. des.** julegranopning og minikonsert i Vågsvåg. **Søn. 16. des.** julekonsert i Måløykyrkja med Song from a secret garden og Joy to The World. **Fre. 28. des.** juletreffest i Vågsvåg ilag med Frelsesarmeen. Christian heldt andakt, det blei servert julebrødsriver og wienerbrød. Utlodning til Frelsesarmeen og gang om juletreet. JEW



## Skikkeleg god basarstemning

Det vart ein flott basar søndag 22. oktober med Torskangerpoll Musikkilag og Holvik skulekorps som gjester. Takk til alle som støtta oss med gevinstar og som støtta basaren.

## Her er vinnarar på bøker fra basaren:

Bestikk: Stadtyard

Legosett: Andreas og Lisbeth

Kælervase: Karoline Færestrand

Hodelykt: Fam. Thorsen

Dab-radio: Kenneth Kvalheim Nygård

Hotellputer: Arvid og Margrete Halnes

Dukke m/kle: Margreta Nygård Flataker

Hardangersømduk: Gerd Endal Nygård

Veggklokke: Tor Åge Gravdal

Rød løper: Sigrid Torskangerpoll

Knivsett: Eldbjørg og Alfred

Lykt: Anny Angelshaug

Mårepølse: Terje Våge

Lysetaker: Renate Færestrand

Kake: Oddbjørg Færestrand



## Veit du om nokon som vil ha Vredens Gnag:

Dersom du vil ha dette bladet må du betale 150 kroner eller til kontonummer 3705 24 26104. Du kan også betale på Vipps til Torskangerpoll Musikkilag. Hugs å skrive namn på giroen eller på Vipps på kven du betalar for. Spørsmål? Kontakt: Tor Åge Gravdal: 97511510 eller toraagegravdal@hotmail.com.